

# Nyskapande aktivitetsanlegg

Prosjektskisse 2020-2023

# Innhold

Mål.....	4
Innsatsområde.....	4
Bakgrunn .....	5
Fase 1 – Pilotprosjekt.....	6
Fase 2.....	7
Fase 3.....	8
Modellen.....	8
Organisering.....	9
Framdriftsplan .....	9
Økonomi.....	12
Kunnskapsgrunnlag.....	12
Kommunikasjon og formidling.....	14

## **Nyskapande aktivitetsanlegg**

Vestland fylkeskommune (VLFK) vil, i samarbeid med Vestland idrettskrets, Lokale og Anlægsfonden (LOA), Tverga og andre aktører, stimulere til utvikling og bygging av nyskapande aktivitetsanlegg i kommunane i Vestland. Utgangspunktet skal vere lokalmiljøa sine behov innan idrett og fysisk aktivitet, basert på medverknad, eit breitt kunnskapsgrunnlag og berekraftige løysingar.

## Mål

Vestland fylkeskommune ønsker å drive eit nasjonalt pilotarbeid der ein vektlegg bruk av kunnskap og brei medverknad for å bygge dei riktige anlegga. Målet er å utvikle berekraftige eksempelanlegg som er nyskapande og inspirerende på tvers av aktivitetar og idrettar. Desse anlegga skal dekke lokale behov, men samstundes ha nasjonal relevans. Utvikling av ulike verktøy med overføringsverdi til andre og påverke statleg politikk og innretting av statlege, fylkeskommunale og kommunale verkemiddel er også ein del av det vi ønsker å oppnå, t.d. prosesskrav for prosjektutvikling og sjekklister/ suksesskriterier, identifisere barrierar for utvikling.

Målet er å få fram anlegg av nyskapande karakter med høg funksjonell kvalitet og ei utforming som kan inspirere den framtidige utviklinga av aktivitetsanlegg for idrett og fysisk aktivitet lokalt, regionalt og nasjonalt.

### Delmål

- Få fram meir forskningsbasert kunnskap om barn og unge sine aktivitetsvanar og anleggsbehov
- Skape inntil 12 modellanlegg etter endt prosjektperiode (anlegga kan inkluderast i [godeidrettsanlegg.no](http://godeidrettsanlegg.no))
- Lage ein idékatalog etter kvar fase til inspirasjon for kommunane
- Endre nasjonal politikk og innretting av tilskotsordningar for anleggsutvikling
- Auke kompetansen på anleggsutvikling i arkitektmiljø i Vestland fylke

Det vil bli lagt vekt på formidling av den dokumenterte erfaringa frå dei ulike fasane i prosjektet. I tillegg til eigne idékatalogar og anna publisert materiale, kan heimesidene til [LOA-fonden](http://LOA-fonden) og [Tverga.no](http://Tverga.no) vere god inspirasjon for kommunar og utviklarar.

## Innsatsområde

Det er to ulike innsatsområder i prosjektet

- a. Attraktive skuleområde
- b. Nyskapande idretts-/aktivitetshallar

Prosjekta skal ha fokus på berekraft og medverknad og skal utbetre eksisterande tilbod, dekke uoppfylte behov og skape adferdsending i befolkinga på tvers av sektorar. Fase 1 handlar om gjennomføring av fire pilotprosjekt knytt til skuleområde. Fase 2 vil vidareføre satsing på skuleområde, medan fase 3 vil ha fokus på nyskapande idrettshallar/aktivitetshallar.

### Kompetanse

Det er ønske om å tilføre generell kompetanse knytt til anleggsutvikling til kommunane og organisasjonar gjennom årlege anleggskonferansar, dialogkonferansar, studieturar og fagsamlingar.. Direkte kompetanse til prosjekta vil bli gjennom m.a. LOA, Tverga og andre relevante aktørar, som bidreg inn i prosessane.

## **Formidling og kommunikasjon**

Dei mest nyskapande prosjekta skal inkluderast i godeidrettsanlegg.no, og erfaringar skal delast med andre kommunar, fylkeskommunar m.m. I arbeidet med kommunikasjon og formidling vil vi bruke ressursar i kommunane, i dei lokale arbeidsgruppene og kompetanse på kommunikasjon og formidling i VLFK.

## **Økonomi**

Satsinga i fase 2 og 3 blir gjennom ei søknadsbasert ordning med tildeling av midlar både til medverknadsprosessar, arkitektkompetanse og delar av anleggsutvikling. Finansiering vil vere gjennom ulike tilskotsordningar, ekstern finansiering, fylkeskommunale tilskot til prosjektering og eigendel frå kommunane.

## **Bakgrunn**

Vestland fylkeskommune skal bidra til å oppfylle FN sine berekraftmål. Dette gir viktige perspektiv og utfordringar i høve det å skape ei berekraftig anleggsutvikling både økonomisk, sosialt og miljømessig.

## **Planforankring**

Vestland fylkeskommune ønsker at det vert lagt betre til rette for fleire nyskapande aktivitetsanlegg. Dette er forankra i Anleggspolitikken for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020-2024.

«Anleggsutvikling er det viktigaste verkemiddelet for å nå visjonen om ein «fysisk aktiv kvar dag» for folk i Vestland». »Det er innbyggjarane sitt behov for aktivitet som skal liggje til grunn for kva anlegg som skal byggast. Eit godt kunnskapsgrunnlag, god planforankring, samhandling mellom offentleg, frivillig og privat sektor på ulike nivå kombinert med ei brei medverknad frå innbyggjarar er avgjerande for å kunne møte framtidens behov. Tverrsektoriell samhandling er avgjerande for ei heilskapleg forvaltning og ei utvikling som går i same retning.» «Føremålet er å byggje dei "riktige" anlegga og at ressursar vert nytta meir målretta.» (s. 3-4)

I Regional kulturplan for Hordaland (2015-2025) står det m.a. at «kulturpolitikken skal gje rom for utfolding og realisering. Gode arenaer er ein føresetnad for dei fleste delar av kulturlivet. «Arenautvikling kan også vere grunngeve i lokale behov, og skal bidra til at folk møtes i lokalsamfunna og fremje trivsel, kulturell og sosial utvikling og deltaking». (s. 57) «Det skal leggjast til grunn ei heilskapleg tenking i utvikling av nye og rehabilitering av eksisterande arenaer.» (s. 58) «Ved utvikling av kultur- og idrettsarenaer skal ein tenkje inkludering i vid forstand, og søke å fjerne fysiske, økonomiske og mentale hindringar for allmenn bruk». «Der det er føremålstenleg, skal det leggjast til rette for sambruk på tvers av kulturfagområda.» (s. 59) Tiltak 2b i HP – Prøve ut modellar for sambygging/samdrift av kyrkje, skule, kultur og idrettsarenaer.

I Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027 står det: « Det bør vurderast verkemiddel for å differensiere (aktivitets-)tilbodet meir, med mål om å engasjere fleire. Tilrettelegging for eigenorganisert aktivitet kan mellom anna gjerast gjennom utbygging av treningslokale og nærmiljøanlegg, utlån av utstyr, tilbod om attraktiv treningstid og gode område for leik i tettstader og byrom». Det står vidare: «Det må i anleggsutviklinga leggjast til

rette for at alle skal kunne ha like føresetnader for deltaking. I planlegginga må det vere sterkt fokus på allsidigheit og universell utforming, breidde når det gjeld typar anlegg og å sikre brukarmedverknad.»

### **Inspirasjon og samarbeid**

I utviklinga av dette konseptet ser vi til Danmark, der Lokale- og Anlægsfonden har bidratt til nytenking og utvikling av aktivitetsbygg og uteområder med arkitektonisk og funksjonell kvalitet. Rådgiving, forskning og utredning er ein stor del av fondet sitt arbeid, og dei samarbeider tett med Idrættens analyseinstitut, IDAN. Intensjonen med fondet er å møte det sterke behovet for fornying i anleggstenkinga som resultat av befolkinga sine endra aktivitetsmønstre. Prosjekta har ført arkitektar og planleggarar tettare saman med idrettslag og kommunar for å tenke nytt og kreativt.

### **Regional interesse**

LOA har i ei årrekke vore ein god samarbeidspart for fylkeskommunen. Det har vore fleire konferansar og studieturar der kommunane har vore med til Danmark eller LOA har vore i Vestland og hatt innlegg til inspirasjon. Kommunane i Vestland har lenge vist interesse for arbeidet som vert gjort i Danmark knytt til innovativ anleggsutvikling. Det vart difor inngått ein intensjonsavtale med Lokale og Anlægsfonden for å utvikle eit prosjekt for "Nyskapane aktivitetsanlegg". Avtalen er gjeldande ut 2020. Samarbeidet mellom Lokale og Anlægsfonden og Vestland fylkeskommune vart gjennom hausten 2019 formalisert gjennom arbeidet med dei fire pilotprosjekta, som er under arbeid.

Særleg har idrettsrådskonferansen dei siste to åra vist at det er eit ønske i kommunane og idretten at Vestland fylkeskommune skal løfte fram denne modellen frå Danmark. Kommunar viser stor interesse for denne måten å jobbe på, og gjennom dette prosjektet håpar vi å kunne auke kompetansen både i fylkeskommunen, i kommunane, i idretten og blant ulike arkitektkontor.

For å sikre den ønska breidda i samarbeidet, har fylkeskommunen i tillegg oppretta samarbeid med Vestland idrettskrets, det nasjonale ressursenteret for eigenorganisert aktivitet, Tverga og fleire andre aktørar både i høve arkitektkompetanse, finansiering og forskning.

## **Fase 1 – Pilotprosjekt**

### **Nasjonal pilot**

Regjeringa har igangsett eit arbeid med ei ny idrettsmelding som truleg vert ferdig våren 2021. VLFK har gitt innspel m.a. knytt til innovative idrettsanlegg. VLFK ønsker å drive eit nasjonalt pilotarbeid der ein vektlegg bruk av kunnskap og brei medverknad for å bygge dei riktige anlegga. Målet er å utvikle nokre berekraftige eksempelbygg som er nyskapande og inspirerande på tvers av idrettar og aktiviteter. Utvikling av ulike verktøy med overføringsverdi til andre og erfaringar som kan påverke nye politikk og innretting av statlege, fylkeskommunale, private og kommunale verkemiddel er også ein del av det vi ønsker å oppnå, t.d. prosesskrav for prosjektutvikling og sjekklister/suksesskriterier, identifisere barrierar for utvikling.

Prosjekta skal vere av utviklande og inspirerande karakter. Strategiutvalet for idrett skriv i sin rapport til KUD, Statlig idrettspolitik inn i en ny tid (2016) m.a. «Behovet for økt kunnskap som grunnlag for begrunnede politiske og strategiske valg, idrettspolitiske diskusjoner og faglige prioriteringer innenfor idrettsanlegg er stort.» Dei meiner dagens satsing er for liten for å handtere behovet for forskning, utvikling og rådgiving på dette området. «For å sikre nytenkning og utvikling på idrettsanleggsområdet bør det vurderes om:

1. en del av ressursene skal øremerkes prosjekter som kvalitetssikrer behovsprøvingen og mangfoldet i bygging av anlegg for å nå statens mål om fysisk aktivitet og idrett for alle,
2. et større nasjonalt ansvar for å koordinere FoU-arbeidet på området skal tas og
3. det sammen med NIF skal sette av mer ressurser til å drive faglig rådgiving, basert på kunnskapen som utvikles.

Gjennom dette prosjektet ønsker Vestland fylkeskommunen saman med gode samarbeidspartar å utfordre nasjonal politikk og sette fokus på dei utfordringane som er løfta.

### **Prosjektperioden**

Heile prosjektperioden er sett til 2020 – 2023. I den første fasen fram til 2021, handlar det om gjennomføring av fire pilotprosjekt. Det er fokus på fire skuleområde i desse prosjekta, og kommunane som er involvert har fått tilskot frå fylkeskommunen til å jobbe med prosjektering. Kommunane er Kvam, Austevoll, Stord og Bjørnafjorden, som alle fekk løyvd prosjekteringstilskot på 40.000 gjennom ei tilskotsordning i tidlegare Hordaland fylkeskommune.

### **Gjennomføring av pilotprosjekt**

Som vidareføring av dette tilskotet vart desse kommunane følt opp av VLFK og Lokale og Anlægsfonden med møter i kommunane. Arbeidet i kommunane har vore med ulik progresjon. Seks kommunar fekk tilskot, og av desse har fire fått tilbod om å bli ein pilot, og har forplikta seg til eit vidare samarbeid. Kommunane skal etablere arbeidsgruppe lokalt, gjennomføre ei interessentanalyse, samt forplikta seg til å bygge eit attraktivt aktivitetsområde.

Fylkeskommunen har, sommaren 2020, gjennomført ein arkitektkonkurrans og fordelt fire arkitektkontor på kvar sine pilotprosjekt. Arkitektkontora skal lede prosessane med medverknad og prosjektering på dei fire områda med leveranse innan januar 2021. Dette vert finansiert av Vestland fylkeskommune med eigendel frå kommunane. Vidare vil det verte arbeid med detaljprosjektering, søknader og konkret anleggsbygging.

## **Fase 2**

Det vil bli arrangert ein oppstartskonferanse som start på fase 2 tidleg i 2021. Her vil pilotprosjekta frå 2019-2020 bli presentert og rammene for det vidare prosjektet lagt fram. Det vil bli lyst ut ei tilskotsordning våren 2021, der alle kommunane kan søke, med pårekna tidslinje på 1-1,5 år til realisering av anlegget. Fase 2 vil framleis ha fokus på skuleområde, for å dra nytte av erfaringane frå fase 1.

Vidare vil det vere ein grundig prosess for å sikre at dei rette prosjekta blir valt ut.

### **Søknadsprosess**

1. Konferanse med erfaringar frå pilotprosjekt og introduksjon til tilskotsordninga.
2. Utlysing, vår 2021.
3. Utarbeiding av søknad i kommunane.
4. Vurdering og utvelging av inntil 8 prosjekt som skal få vegleiing og tilrådingar og fokuspunkt for den vidare utvikling og prosjektering. Søknadane vert vurdert med fokus på funksjonalitet og arkitektur.
5. Utvelging av inntil fire prosjekt som skal følgast opp med prosjektering og midlar frå ekstern finansiering. Fokus på kvalitetssikring og gjennomføringskraft i prosjektet.

Det vert utarbeidd eigne retningsliner for tilskotsordninga. Det vert også tydeleggjort kva prosjekt som ikkje vert støtta.

### **Fase 3**

Siste del av prosjektet, fase 3 i 2022, vil ha fokus på idretts-/ aktivitetshallar. Erfaringar frå Danmark har vist at kreative, gjennomtenkte grep i ombygging og bygging av idrettshallar kan få store utslag i bruk. Oppstart og søknadsprosess er tenkt gjennomført som fase 2.

### **Modellen**

«Tilfør kunnskap, vent med beslutningen!», Lokale og Anlægsfonden

#### **Kartlegging og medverknad**

Det er i startfasen til dei ulike prosjekta at modellen skil seg mest i høve korleis ein arbeider med anleggsutvikling i dag. Ein vil bruke tid og ressursar i prosessen med å knyte til seg kunnskap og kjennskap område og brukarane. Ein skal snakke med folk som bur i nærområde, kartlegge brukargrupper, behov, ønsker og trendar. Det skal vere breidde og inkludering i medverknadsprosessane. I tillegg skal det vere fagleg kreativitet for å hjelpe å finne løysingar som kanskje ingen har laga før.

#### **Trendar og kunnskap**

Utviklingstrendar viser at samansettinga av befolkninga er i endring. Vi ser nye fritidsvanar, ulik deltaking i fritidsaktivitetar, kjønns- og aldersforskjellar, og avgrensa ressursar. I prosessen må det vere eit breitt lokalt engasjement frå ulike brukargrupper, som t.d. medverknad frå frivillig og offentleg sektor. Samla sett sikrar dette eit mangfald for brukarane, som kan velje aktivitet og fasilitet, og kontakten mellom ulike aktivitetar gir god synergi. Dette vil skape gode sosiale og berekraftige møteplassar. Slik vil ein kunne utbetre eksisterande tilbod, dekke uoppfylte behov og skape åtferdsendring i befolkninga. (Anleggspolitikk VLFK)

#### **Sentrale spørsmål i utviklingsarbeidet:**

**Kvifor?** Fulle behov, betre eksisterande forhold eller skape endring i aktivitet og bruk.

**Kven bygger vi for?** Hovudbrukarar, tilbakevendande brukarar og/eller nye brukarar?



**Kva?** Anlegg som er tilgjengeleg og forståeleg for nye brukarar og samtidig inspirerande og utfordrande for dei som er faste brukarar.

**Korleis?** Fellesskap og sosial meirverdi, både for eigenorganisert og tilrettelagt aktivitet.

## Organisering

### Rolleavklaring

VLFK er prosjekteigar, og prosjektleiar frå fylkeskommunen har ansvar for å følge opp dei ulike delprosjekta. Anleggsrådgjevar fyl prosessane tett for kompetansebygging/overføring. Vestland idrettskrets sin anleggsrådgjevar er også ein ressursperson saman med idrettsråda og idrettslaga i dei ulike prosjekta. Tilsette i LOA bidreg med spisskompetanse ut frå behova i dei ulike prosjekta. Ola Mattsson koordinerer dette. Tverga bidreg med sine erfaringar frå liknade prosjekt og i høve til kunnskapsgrunnlaget.

### Styringsgruppe

Det vert etablert ei styringsgruppe med representantar frå VLFK, NIF/idrettskretsen, LOA og ev. private aktørar som er med å finansiere prosjektet. Styringsgruppa møtes 2-4 gonger i året. VLFK fungerer som sekretær/administrator for styringsgruppa. Styringsgruppa godkjenner utlysingar, og har det overordna ansvar for økonomi og resultat. VLFK tek i mot søknadar og tek fyrste behandling av søknadane.

### Ressursgruppe

Representantar frå ulike fagmiljø vert invitert til å delta i ei faggruppe/ressursgruppe og kan bidra i dei ulike prosjekta, t.d. Tverga, NMBU og Idrettscampus Bergen. Dette gjeld m.a. behandling av søknader, rettleiing og FoU.

Tverga sitt prosjekt "En morsom omvei" er eit prosjekt retta mot tiltak på austlandet. Det er fleire likskapar mellom prosjekta, og vi er i god dialog med Tverga, som ønsker å vere med i vårt vestlandsbaserte prosjekt. VLFK har inngått ein samarbeidsavtale med Tverga med varigheit frå 2020 til 2023. Tverga blir ein del av ein ressursgruppe, og bidrar med erfaring og kompetansedeling frå egne prosjekt.

### Arbeidsgrupper

Det vert etablert lokale arbeidsgruppe for kvart delprosjekt. Arbeidsgruppa skal vere breitt samansett av lokale aktørar, i tillegg til representant frå VLFK og LOA. Andre interessantar vert kopla på ved behov. Kvart prosjekt skal gje eit lokalt løft, ha nasjonal relevans og vere berekraftig både sosialt, miljømessig og økonomisk.

## Framdriftsplan

### 2019:

- Signering av intensjonsavtale med LOA
- November, Skypemøte med utvalte pilotkommunar
- Desember, innspel til ny statleg idrettsmelding

- Desember, budsjettsak i Fylkestinget

#### **2020:**

- Januar, interessentanalyse VLFK
- Januar, oppfølging pilotprosjekt, synfaringar, VLFK og LOA
- Mars, oppfølging pilotprosjekt, synfaringar, VLFK og LOA
- Mars, Idrettsrådskonferansen, VLFK, Vestland idrettskrets og LOA
- Juni – August, arkitektkonkurranse
- September, kontraktinngåing med fire arkitektkontor
- Oktober – desember, arbeid i dei 4 pilotprosjekta
- November, signering av samarbeidsavtale med LOA 2021-2023
- November, signering av samarbeidsavtale med Tverga 2021-2023
- November, politisk sak i KULII
- Desember, budsjettsak i Fylkestinget

#### **2021:**

Alle datoar er førebels, men med intensjon om å halde oppsett årshjul.

- Januar – ferdigstilling av leveransen frå arkitektkontora
- Februar - Erfaringskonferanse 2021 attraktive uteområde knytt til skular. Erfaringsdeling frå metode og prosess frå pilotprosjekta.
- 1. mars – utlysning av arkitektkonkurranse, innlevering 15. April. Ferdig signert til 15. mai. Rammeavtale med eitt firma eller fleire kontor som i pilotfasen. Dette vil bli avgjort på bakgrunn av erfaring og gjennomføringskraft.
- 15. mars - Utlysing til kommunane
- 19.-21. april - studietur til Danmark
- 15. mai: Søknadsfrist - Ei gruppe av fagpersonar frå m.a. Vestland idrettskrets, VLFK, LOA, arkitektfirma og Agenda Vestland vurderer innkomne søknader og vel ut inntil 8 ulike prosjekter som får delta vidare i prosessen.
- 5. juni - utvelging av inntil 8 prosjekt.
- Steg 1 - 15. juni - Oppstartsmøte med fokus på fagkunnskap, prosessar, medverknad m.m. Kommunane får tilgang til ulike metodar og verktøy som kan brukas lokalt i den vidare utviklingsfasen.
- Steg 2 – juni - september – Lokale prosessar - Etter oppstartsmøtet skal kommunane arbeide vidare med lokal forankring og prosess- og prosjektutvikling. Fokus er på brukarmedverknad, behovskartlegging og moglegheitsstudie. I denne perioden får kommunen tilbod om oppfølging og rettleiing frå VLFK og LOA.
- Steg 3 - Utvelging! – innan 1. oktober skal kommunane presenterer arbeidet dei har gjort så langt. Inntil 4 kommunar får delta vidare og vert tildelt prosjektmidlar til prosesskompetanse (arkitekt med rett kompetanse) og bidrag til investering i anlegg som ikkje vert dekkja gjennom spelemiddelordninga. Tilskot og eigenfinansiering vert vurdert og avklart. Prosjekta skal forankrast i kommunale planer.
- Steg 4 – Utvikling – Oktober – januar. Dei utvalde prosjekta deltek på ein utviklingssamling med fokus på erfaringsutveksling, prosjektutvikling og profesjonell rettleiing. Kommunane arbeider vidare med dette lokalt og ferdigstiller sine moglegheitsstudiar saman med arkitekt.
- Steg 5 - Anlegget vert prosjektert ferdig, anbudsprosess og kontrahering gjennomført, og anlegga skal ferdigstillast.

Prosjektet skal evaluerast i samarbeid med FOU-miljø. Føremålet med evalueringa er å dokumentere kunnskap og erfaringar frå utviklinga av anlegga og korleis anlegga vert nytta av innbyggjarane. Kommunane som får realisert sine prosjekt forpliktar seg til å delta i evalueringsprosessen.

## **2022:**

Alle datoar er førebels, men med intensjon om å halde oppsett årshjul.

- Februar - Inspirasjonskonferanse– 2022 nyskapande idretts/aktivitetshallar. Erfaringsdeling frå metode og prosess frå prosjekta i attraktive uteområde knytt til skular.
- 1. mars – utlysning av arkitektkonkurranse, innlevering 15. April. Ferdig signert til 15. Mai. Rammeavtale med eitt firma eller fleire kontor som i pilotfasen. Dette vil bli avgjort på bakgrunn av erfaring og gjennomføringskraft.
- 15. mars - utlysing til kommunane
- 15. mai søknadsfrist - Ei gruppe av fagpersonar frå m.a. Vestland idrettskrets, VLFK, LOA, arkitektfirma og Agenda Vestland vurderer innkomne søknader og vel ut inntil 8 ulike prosjekter som får delta vidare i prosessen.
- 5. juni - utvelging av inntil 8 prosjekt.
- Steg 1 - 15. juni - Oppstartsmøte med fokus på fagkunnskap, prosessar, medverknad m.m. Kommunane får tilgang til ulike metodar og verktøy som kan brukas lokalt i den vidare utviklingsfasen.
- Arkitektkonkurranse starten av juli, innlevering 1. september. Ferdig signert til 1. oktober.
- Steg 2 – juni - september – Lokale prosessar - Etter oppstartsmøtet skal kommunane arbeide vidare med lokal forankring og prosess- og prosjektutvikling. Fokus er på brukarmedverknad, behovskartlegging og mogleighetsstudie. I denne perioden får kommunen tilbod om oppfølging og rettleiing frå VLFK og LOA.
- Steg 3 - utvelging! – innan 1. oktober skal kommunane presenterer arbeidet dei har gjort så langt. Inntil 4 kommunar får delta vidare og vert tildelt prosjektmidlar til prosesskompetanse (arkitekt med rett kompetanse) og bidrag til investering i anlegg som ikkje vert dekkja gjennom spelemiddelordninga. Tilskot og eigenfinansiering vert vurdert og avklart. Prosjekta skal forankrast i kommunale planer.
- Steg 4 – utvikling – oktober – januar. Dei utvalde prosjekta deltek på ein utviklingssamling med fokus på erfaringsutveksling, prosjektutvikling og profesjonell rettleiing. Kommunane arbeider vidare med dette lokalt og ferdigstiller sine mogleighetsstudiar saman med arkitekt.
- Steg 5 - Anlegget vert prosjekttert ferdig, anbudsprosess og kontrahering gjennomført, og anlegga skal ferdigstillast.

Prosjektet skal evaluerast i samarbeid med FOU-miljø. Føremålet med evalueringa er å dokumentere kunnskap og erfaringar frå utviklinga av anlegga og korleis anlegga vert nytta av innbyggjarane. Kommunane som får realisert sine prosjekt forpliktar seg til å delta i evalueringsprosessen.

## Økonomi

Det vert søkt om inntil kr 2 mill frå Agenda Vestlandet til kvart av prosjekta i dei tre fasane. Dette skal vere med å finansiere dei tiltaka som ikkje er berettiga spelemidlar eller kan få støtte gjennom andre tilskotsordningar.

Kostnadane for dei ulike prosjekta kan ikkje skisserast, då kvart prosjekt vil vere ulikt og ha ulike behov for finansiering. Det er likevel sett ei ramme for inntil kr 2 mill. ekstern finansiering til kvart prosjekt.

Vestland fylkeskommune innstiller på kr 2 250 000 i budsjett for 2021 til dette prosjektet. Midlane skal m.a. nyttast til kompetanseutvikling gjennom konferansar, samarbeid med LOA, FoU og arkitektkompetanse i prosjekta. Deler av denne summen vil gå til detaljprosjektering av fase 1 og prosjektering av fase 2. Tiltaket er forankra i Anleggspolitikk for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Vestland fylkeskommune 2020-2024.

### Fase 1 - pilotfasen

	<b>2020</b>
Vestland fylkeskommune	900 000
Agenda Vestland	8 000 000 (4 skuleområde - pilotar)
Kommunal eigendel	Om lag 30 %

### Fase 2

	<b>2021</b>
Vestland fylkeskommune	2 250 000
Agenda Vestland	8 000 000 (4 skuleområde)
Kommunal eigendel	Om lag 30 %

### Fase 3

	<b>2022</b>
Vestland fylkeskommune	2 250 000
Agenda Vestland	8 000 000 (4 idretts-/ aktivitetshallar)
Kommunal eigendel	Om lag 30 %

## Kunnskapsgrunnlag

### Eksisterande kunnskap

Kommunane må legge kunnskap til grunn for å utvikle sine prosjekt. Kvar er det størst potensiale for å skape rom for endring, kreativ utvikling og innovasjon? For å svare på dette må ein sjå til lokale utfordringar som folkehelseoversikt og anna eksisterande kunnskap som del av prosjektet. Prosjekta skal også sjåast i samanheng med andre fylkeskommunale innsatsområde.

Fylkeskommunen vil sjå prosjektet i samanheng med nasjonale utfordringar, forskning og trendar, og sjå dette i samanheng med ulike andre prosjekt. Av eksisterande prosjekt som kan vere av relevans er t.d. det nasjonale oppdraget ved HVL knytt til mat, helse og fysisk

aktivitet og Senter for fysisk aktiv læring (SEFAL). Det føreligg ein del forskning på fysisk aktivitet i barnehage og skule, men det har ofte fokus på sjølve aktiviteten, medan dette prosjektet vil legge til rette for anlegga som skal skape aktivitet og attraktive areal for aktiviteten.

### Ny kunnskap og evaluering

Gjennom samarbeidet med Tverga er det sett igang ein dialog på tvers av fylkeskommunen, Tverga, Idrettscampus Bergen (ICB), Universitetet i Bergen (UIB) og Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU). Det er ønskeleg å diskutere korleis ein i fellesskap kan knyte forskning til arbeidet som vert gjort på dette område. Det vil vere ein fordel om vi kan samordne ressursar for å få eit best mogleg kunnskapsgrunnlag for kommunane, idretten og andre som jobbar med dette.

Det kan vere aktuelt å vurdere resultatevaluering etter fase 1, då desse prosjekta er komen langt og det vil vere utfordrane å knyte på forskning for å følge prosessen. Det vil derimot vere mogleg å vurdere følgeforskning eller andre forkingsmetodar som kan følge fase 2 og 3. Mellom anna kan det vere aktuelt med bruk av studentar til følgeforskning og anna kunnskapsgrunnlag.

Døme på erfaringsspørsmål som vart stilt til prosjektet "Drøn på skolegården" i Danmark:  
 Kva erfaringar har skulane/kommunane gjort seg frå prosessen?  
 Kva har vore medverkande for at tiltaka lukkast?  
 Kva utfordringar har det vore?

### Interessentanalyse

Som del av kunnskapsgrunnlaget til dette prosjektet har fylkeskommunen gjennomført ei enkel interessentanalyse, som skulle vere eit døme for kommunane i pilotfasen, som fekk i oppgåve å gjer det same.

Eit prosjekt sine interessentar er eit samla omgrep for alle som kan tenkast å ha ei interesse i prosjektet eller kan forventast å bli påverka av prosjektet, t.d. elevar/andre barn og unge, foreldre, frivillige organisasjonar, tverrsektoriell involvering, naboar m.fl.

Interessentanalyse Vestland fylkeskommune:

Navn på interessent	FORDELAR for interessenten	ULEMPER for interessenten	Samla vurdering av interessenten sitt bidrag/rolle	Handtering av interessenten (kva, når, av kven?)
Kommunane	Økonomi og kompetanse.	Bruk av ressursar på lengre prosessar, mange involverte. Geografi.	Lokal kunnskap, lokale nettverk og fagleg breidde.	Prosjekteigarar som er involvert heile vegen.
Avdelingar i VLFK (opplæring, eigeidom, plan, folkehelse, inkludering)	Tverrfagleg nettverk, kompetanse, økonomi.	Lengre prosessar, utfordring med mange involverte.	Fagleg kunnskap og nettverk.	Aktørane vert trekt inn på ulike område.

Ildrettscampus Bergen	Tverrfagleg nettverk, kompetanse, økonomi.		Forskning og kunnskap, nettverk og utvikling.	Aktørane vert trekt inn på ulike område.
Frivillige organisasjonar	Økonomi og kompetanse.	Samordning av bruk og drift med andre aktørar.		
Lokale og Anlægsfonden	Kompetanse og ressursar.	Avstand.	Motivasjon, inspirasjon, koordinering og oppfølging .	
Norske arkitekters landsforbund	Nettverk, kompetanse, økonomi.			

## Kommunikasjon og formidling

Det er viktig å ha ein plan for dokumentasjon for å sikre at kunnskapen og erfaringane frå heile denne prosjektperioden får overføringsverdi. Ansvaret for dette ligg til alle aktørane i prosessen, både kommunen, arbeidsgruppene, arkitektar og fylkeskommunen.

### Fylkeskommunen si rolle

Kommunikasjonsseksjonen og team digital kulturformidling i fylkeskommunen er kopla på tidleg i pilotfasen. I samarbeid med kommunane har vi laga rutinar for korleis dette arbeidet skal gjerast. Dette samarbeidet vil bli vidareført gjennom heile prosjektperioden.

### Korleis?

Det er naturleg å sjå til erfaringar med andre prosjekt, og vi brukar Dagsturhytta som eit døme og erfaringsgrunnlag. Det viser seg at ein felles instagram-konto kan vere ein god måte å dele og formidle. Kvart prosjekt kan lage sine egne sider, grupper, profilar el.l., men fylkeskommunen etablerer ein instagram-konto som ein felles arena for deling. Det å nytte ein felles og unik emneknagg i sosiale medium kan vere nyttig både for formidling ut, men også for å legge til rette for at lokale eldsjeler kan fungere som ambassadørar for prosjektet. Val av namn på instagramkonto og emneknagg vil bli gjort kjent så snart det er avklart.

### Foto

Erfaring viser at bilete skapar merksemd, så prosessar og aktivitet bør dokumenterast gjennom bilete. Kjappe, levande bilete tekne med mobiltelefonar og meir proffe kvalitetsbilete kan spele ulike roller i prosjektet.

### Dokumentasjon av pilotprosjekt

Dette utviklingsarbeidet skal vere modellskapning. Det gode arbeidet som skjer i kommunane gjennom desse prosessane skal kunne gje andre kommunar nyttig grunnlag i arbeid med egne prosjekt. Difor er dokumentasjon svært viktig.


Arkitektane som jobbar med dei ulike pilotprosjekta hausten 2020 skal levere dokumentasjon som del av oppdraget. Dette skal samanstillast i ein rapport som skal vere tilgjengeleg for andre. Erfaringane skal kome seinare prosjekt til gode.

I starten av både fase 2 og 3 vil det bli arrangert ein konferanse for å sparke i gang den aktuelle fasen og samstundes dele erfaringar frå arbeidet som er gjort i førre fase. Gjennom heile prosessen i heile prosjektperioden ønsker vi at arbeidet skal dokumenterast og formidlast slik at vi kan lære av det og lage gode modellar.

Ved bruk av bilete og sitat m.m. er det viktig å ha gode rutinar for å sikre rettigheter til bruk og deling. Dette er kvar aktør ansvarleg for når det gjeld eigne delingar og publiseringar.

### **Nyheitssaker**

Vestland fylkeskommune vil gjennom prosjektet produsere eigne nyheitssaker som kommunane kan dele vidare i både eigne kanalar og til lokalaviser. Vestland fylkeskommune ønsker at det som kjem ut av dette prosjektet skal ha nasjonal relevans, og då er kommunikasjonsarbeid viktig for å formidle resultata ut.



vestlandfylke.no